

I tillegg ønskjr vi løfta fram nokre av det vi også har løfta fram tidlegare år (ikkje prioritert rekkefølge):

- *Innføra digitalt følgjebevis i Øygarden kommune – driftskostnad på ca 50.000 pr år*
- *RFF ber om gruppene som fell inn under RFF sitt ansvarsfelt vert skjerma frå kutt i tilbod.*
- *Sikra at menneskerettigheitene til menneske med nedsett funksjonshemming vert fulgt opp (CRPD)*
- *Transportordning for personar med varig tilrettelagt arbeidsplass må halda fram*
- *At det er nok avlastningsbustader og avlastningstilbod til å dekkja behovet*
- *Bygging av fleire bustader til menneske med nedsett funksjonsemne må framskundast*
- *Auka plassar på arbeidssenteret då det i dag er lang venteliste*
- *Kultur, fritid og ferietilbod for brukarar med behov for ledsagar må prioriterast*
- *Hald fram opptrapping av fysioterapeutstillingar jf. vedtak om å nå mål om landsgjennomsnitt.*
- *Ergoterapitilbodet for vaksne er nærast ikkje eksisterande per i dag og det er behov for auke av kapasiteten.*
- *BPA - Det må gjennomførast relevante, brukar- og pårørandeundersøkingar for brukargruppa.*
- *RFF forutset at dekning av transport til ferie-SFO for barn med nedsett funksjonsevne vert vidareført i neste budsjett og ber om at budsjettet ikkje vert knytt til ein bestemt skule, men kan kome alle aktuelle i brukargruppa til gode. Behovsprøving er akseptabelt.*
- *Det må sikrast at kommunen har tilstrekkeleg aktivitetstilbod til barn og vaksne med nedsett funksjonsevne, spesielt i feriar.*
- *Sats for omsorgslønn bør tilsvare minstelønn for heimehjelparar med høgaste ansiennitet. Hjelpetønad bør heller ikkje trekkast frå omsorgslønn.*